

Innhald

1. Kjenneteikn ved området.....	3
1.1 Historikk.....	3
1.2 Landskap.....	4
1.3 Dagens bruk.....	4
2. Arealstatus for Øvre Ål, Torsbu, Primhovda og Ål skisenter.....	5
2.1 Bygningsstatus.....	5
2.2 Planstatus.....	6
2.2.1 Gjeldande arealdel (KPA) og kommunedelplan for Primhovda (KDP).....	6
2.2.2 Gjeldande reguleringsplanar.....	7
2.3 Areal- og tomtereserve.....	9
2.4 Innspel til kommuneplanens arealdel.....	10
2.5 Oversikt over naturfarar.....	11
2.6 Innsatstid utrykkingskøyretøy.....	12
3 Infrastruktur.....	13
3.1 Vatn og avløp.....	13
3.2 Veg og trafikk.....	14
3.3 Straum og renovasjon.....	15
3.3.1 Straum.....	15
3.3.2 Tilknytt renovasjonspunkt.....	15
3.4 Skiløyper og stigar.....	16
3.4.1 Eksisterande stig og løypenett og umerka stigar.....	16
3.4.2 Kryssingspunkt mellom skiløype og veg.....	17
4. Vassmiljø, vatn og vassdrag.....	18
5. Naturverdiar, klima og miljø.....	19
5.1 Naturtypar og naturmangfald.....	19
5.2 Samanhengande grønstrukturar og korridorar for vilt og beitedyr.....	20
5.3 Inngrepsfrie naturområde.....	21
5.4 Karbonrike areal.....	22
6. Leveområde villrein.....	23
7. Naturressursar.....	23
7.1 Beitebruk og beiteareal.....	23
7.2 Dyrka og dyrkbar jord.....	24
8. Samla vurdering: Områdets utfordringar, behov, moglegheiter og tåleevne.....	25
Kjelder.....	27

Analyseområde 1.

Øvre Ål, Torsbu, Primhovda og Ål skisenter



Områdeavgrensing

Avgrensinga er sett med utgangspunkt i eksisterande planar, arealføremål i gjeldande arealdel, innspel frå grovsiling, og der det finst vesentleg infrastruktur og bebyggelse. Grensa er ikkje absolutt, men fungerer som eit praktisk verktøy for analysen og for å kunne hente mest mogleg korrekt statistikk i ulike tema frå kartprogram.

Grensa omfattar eit forholdsvis stort område frå Mjøsastølen i vest, til Ål skisenter i aust, og inkluderar derfor Kommunedelplanen for Primhovda (planID 2006006), og følger denne plangrensa.

Tekst i dokumentet som er blått er innspel frå publikum i folkemøta

1. Kjenneteikn ved området

1.1 Historikk

Området vart opphavleg brukt til støling, med både heimstølar og langstølar. Det finst framleis gamle bufarvegar mellom stølane, og etter kvart vart det bygd bilveg fram til dei fleste. Frå 1950-talet og fram til 2000-talet var det òg fellesfjøs for kyr på Hevjanåsen.

Vatna sør for Primhovda og Einarset vart frå midten av 1930-åra nytta som drikkevasskjelde for Sundre. Nokre av vatna vart demde opp, og dei fungerte som hovuddrikkevasskjelde fram til 1990 og som reservevasskjelde fram til tidleg på 2000-talet.

På 1970-talet vart Ål skisenter etablert, og seinare utvida med heisar til både Einarset og Rosengardshovda. Dette bidrog til auka aktivitet og tilrettelegging i fjellområda rundt. Rundt same tid vart fleire disposisjonsplanar godkjende ved Torsbu og Mykingstølen. Mange av dei eldre hyttene er bygde etter desse planane. På 1980- og 1990-talet kom det fleire reguleringsplanar i dei same områda, og det meste av utbygginga før 2000 fann stad der. Etter 2000-talet har det vore mest hytteutvikling i områda rundt skisenteret og Primhovda sør, men òg ved Mykingstølen.



Figur 1: *Toppen av skisenteret ved Einarset. Utsikt mot nordfjella.*

1.2 Landskap

Området er avgrensa av dalar på tre kantar, Votndalen-Leveld-Vats, Hallingdal og Kvinnegardslia. Landskapet er prega av bjørkeskog og eit mindre snaufjellområde mellom Primhovda og Skurvehovda. I tillegg er det fleire små vatn i området.



Figur 2: Snaufjellsområde som strekkar seg frå Primhovda til Skurvehovda.

1.3 Dagens bruk

I dag brukast området til alpint, langrenn, fotturar og friluftsliv, og aktivitetar knytt til både hytter og for fastbuande i Ål, då det ligg relativt nært sentrum. Skiløypene heng saman med løypenettet på Holsåsen og Bergsjøområdet. Ål skisenter skapar aktivitet i denne delen av området, og det er og delvis varme senger her. Den største hytteutbygginga i dag er knytt til områda rundt Ål skisenter og Primhovda Sør, og har dermed blitt satsingsområde for fritidsbustader i kommunen. Her er det og planlagd varme senger med to større område regulerte til utleigehytter i reguleringsplan.

Det beitar ein del sau i området. I 2022 vart Øvre-Ålshagan gjerda inn på nytt. Det er eit område sør for Stavastølane som vart etablert som fellesbeite for grenda i 1957.

I dag er det aktiv stølsdrift med geit på Kuluset. Fellesstølen på Hevjanåsen har dei siste åra vorte leigd bort til storfebeite.


Det er årleg jakt på hjortevilt i området, men med auka hyttebygging har enkelte område i praksis falle ut som jaktområde.

2. Arealstatus for Øvre Ål, Torsbu, Primhovda og Ål skisenter

2.1 Bygningsstatus

Det er i hovudsak fritidsbustader som utgjer bygningsmassen i området. Nokre heilårsbustader finst samtidig i lågare område mot Rimeslåtta. Nyaste hytteutviklinga har skjedd gjennom reguleringar i Primhovda sør. Dei eldre hytteområda bygd med disposisjonsplanar før 80-talet finst i hovudsak ved Torsbu og Mykingstølen. Desse planane er innarbeida i arealdelen som eksisterande fritidsbustad. Det ligg òg nokre nye hytter i blant desse.

Objekttype	Tal
Fritidsbustader	331
Bustader	20
Garasje, uthus, anneks til fritidsbolig	161



Figur 3: Kartutsnitt av med alle dei 331 fritidsbustadene som bygningspunkt i området. Byggeår er henta frå matrikkelen og basert på bygningsstatus (IG, FA, TB) og kan innehalde feil.

2.2 Planstatus


2.2.1 Gjeldande arealdel (KPA) og kommunedelplan for Primhovda (KDP)

Områdeavgrønsinga omfattar kommunedelplanen for Primhovda (2006006) i aust. Her er det set av svært store areal til fritidsbustadbygging. Planlagde hytteområda i KDP nord for skiheisen rundt Kuluset er ikkje regulerte og har heller ikkje etablert infrastruktur. Fleire planlagde område skal revurderast i planvask, og kommunedelplanen skal innarbeidast i den nye arealdelen for fritidsbustader.

I kommuneplanens arealdel er det to større areal avset til framtidig fritidsbustad ved Torsbu og Mykingstølen. Elles er det fleire område avsett til eksisterande fritidsbustad som no er regulerte eller bygget ut med disposisjonsplanar.

Arealføremål (KPA)	Storleik
Eksisterande fritidsbustad	Ca. 762 daa
Framtidig fritidsbustad	Ca. 614 daa
LSF (LNF - spreidde fritidsbustader)	Ca. 3570 daa

Arealføremål (KDP)	Storleik
Framtidig fritidsbustad	Ca. 2549 daa
LSF (LNF – spreidde fritidsbustader)	Ca. 564 daa




Figur 4: Kommuneplanens arealdel (2023-2035) og kommunedelplan Primhovda (2005-2017) i området.

2.2.2 Gjeldande reguleringsplanar

Det finst 15 reguleringsplanar i området, med varierende alder. Dei nyaste planane ligg i dei delane av området der hytteutbygginga dei siste åra har vore konsentrert, særleg ved Primhovda sør. Reguleringsendring Krokktjørnvegen (2011001) og Detaljregulering Rosengardshovda Sør (2021001) er dei nyaste planane, men ingen av dei er bygde ut per i dag. Flaterreguleringsplan Øvre-Ålsåsen (2006012) regulerer om lag 55 daa til utleiehytter, også dette utan utbygging så langt.

Dei eldste reguleringsplanane samsvarar med dei tidlegaste hytteområda, mellom anna ved Torsbu og Mykingstølen. Mange av dei gamle hyttene her er bygde med disposisjonsplanar. Det er totalt fem disposisjonsplanar i området, som er innarbeidde som eksisterande fritidsbustad i kommuneplanens arealdel. Oversikt over reguleringsplanar og disposisjonsplanar går fram av tabellen under.



Figur 5: Kartutsnitt av Øvre Ål, Torsbu, Primhovda sør og Ål skisenter med dei 15 reguleringsplanane.

Plannavn	PlanID	Ikraftsatt	Overlapp med planer	
			Erstatter delvis	Delvis erstatta av
Laastølen sameige, Buhovda hyttegrennd	1980002	18.12.1980	-	-
Svarteberg skiheiser	1982003	15.06.1982	-	-
Nossebu hyttefelt	1986004	20.05.1986	-	-
Arnfinngarden, gnr 106 bnr 11	1995001	18.05.1995	-	-

Sjelfet, Torsbu	1995006	23.11.1995	-	-
Torsbu	1999005	23.09.1999	-	-
Mykingstølen, gnr 93 bnr 4	2006001	19.01.2006	-	-
Flatereguleringsplan Øvre-Ålsåsen	2006012	15.03.2007	-	2006015, 2006016
H4 i kommunedelplan for Primhovda, Øvre-Ålsåsen	2006015	20.03.2007	2006012	-
H9 i kommunedelplan for Primhovda	2006014	15.02.2007	-	-
H5 i kommunedelplan for Primhovda	2006016	27.09.2008	2006012	-
Øvre Ålsåsen H2	2008002	14.04.2011	-	-
Detaljregulering for Torsbu	2010005	17.11.2011	-	-
Reguleringsendring Kroktjørnvegen	2011001	22.08.2019	-	-
Detaljregulering Rosengardshovda Sør	2021001	15.11.2023	-	-
Disposisjonsplanar: Halleset hyttefelt, Stavestølen 01.09.1973, Rabbehelle hyttefelt 16.09.1974, Jøtatorsbu 05.02.1973, Torsbugjerda hyttefelt 17.06.1974				

2.3 Areal- og tomtereserve

Arealreserve (daa til fritidsbustadbygging)

Arealreserven i området er berekna tut frå areal avsett til fritidsbustader i KPA, KDP og i gjeldande reguleringsplanar. Denne reserven er vist med oransje farge i kartet under (figur 6).


For å kome til ein realistisk arealreserve, er areal som ikkje er eigna for utbygging trekt frå, slik det går fram i tabellen til høgre.

Tomtereserve (tal potensielle hyttetomter)

Tomtereserven i reguleringsplanar er basert på kommunens kartgrunnlag over alle planlagde, men enno ubygde, tomter i gjeldande reguleringsplanar. Dette talet blir rekna som påliteleg og blir kontinuerleg oppdatert etter kvart som tomter blir bygde ut.

Tomtereserven i kommuneplan er eit grovt estimat. Utrekninga er basert på areal avsett til fritidsbustader (noverande og framtidig), der arealet er delt på to, med ein føresetnad på to daa per tomt i gjennomsnitt.

Areal- og tomtereserve	
I KPA & KDP	I reguleringsplan
+ Område avsett til fritidsbustad (3928 daa.)	+ Område avsett til fritidsbustad og veg (848 daa.)
- Bygning m/ radius 22 m. (1,5 daa.)	
- Køyreveg m/ radius 3 m.	
- Innsjø & elv/bekk m/ radius 10 m.	
- Aktsemdssonar flaum	
- Aktsemdssone jord/flaumskred	
- Stigar/løyper m/ radius 1 m.	
- Myr	
= totalt ca. 2582 daa.	= Totalt ca. 365 daa.
Samla arealreserve: 2947 daa.	
Tomtereserve: 1250 (grovt estimat)	Tomtereserve: 298
Estimert samla tomtereserve: 1548	



Figur 6: Arealreserve i kommuneplan, Kommunedelplan for Primhovda, og reguleringsplanar, samt tomtereserve i gjeldande reguleringsplanar.

2.4 Innspel til kommuneplanens arealdel


Innspela som har kome inn i samband med rulling av arealdelen har vore til politisk handsaming i KPU og grovsila i sak 34/2024 i møte 18.11.2024, i sak 37/2024 i møte 09.12.2024, i sak 3/2026 i møte den 12.02.2026 og i sak 7/2026 i møte 20.01.2026. Nærmare informasjon om dei enkelte innspela går fram i grovsilings-dokumenta på heimesida til Ål kommune, [Kommuneplanen - Ål kommune](#).

I området Øvre Ål, Torsbu, Primhovda og Ål skisenter er det til saman kome inn 23 innspel til rulling av kommuneplanens arealdel, fordelt på føremåla fritisbustad (FB) og fritids, og turismeføremål (FTU). Dei fleste innspela ligg i Primhovda Sør, i nærleiken av hytteområda ved Krok tjørn og skisenteret, aust i området. Elles er det spelt inn ved Leikvollstølen, Mykingstølen, Torsbu og Mjøvasstølen i vest.

Det er ikkje kjend kor mange tomter det er spelt inn totalt.

Innspel	Storleik (daa)	Vidare til KU?
FB101	2,5	
FB102	320	
FB103	31	delvis
FB104	37,4	
FB105	1,5	
FB106	14	
FB107	1	
FB108	0,7	
FB109	3,5	
FB110	1	
FB111	2	
FB112	1,6	
FB113	19	
FTU114	14	
FTU115	8,3	
FB116	1,8	
FB117	1,1	
FB118	1,8	
FB119	2,8	
FB120	4,5	
FB121	2,6	
FB122	22	
FB123	19	
FB124	43	


Konklusjon: 18 innspel på til saman 121 daa. skal vurderast nærmare i konsekvensutgreiing.



Figur 7: Kartutsnitt av Øvre Ål, Torsbu, Primhovda sør og Ål skisenter med dei 18 innspela på til saman 121 daa. stemt vidare til KU. Hovudvekt av innspela er i området Ål skisenter og Primhovda sør.

2.5 Oversikt over naturfarar

Ut frå NVE sitt aktsemdskart er det flaum som i hovudsak utgjer den største potensielle faren over åsryggane, medan skredrelaterte farar i hovudsak er knytte til dalsidene langs avgrensinga av området. Samstundes finst det fleire mindre, lokale parti, mellom anna ved Torsbu og Kroktjørn, der det er registrert aktsemdsoner for snøskred, jord- og flaumskred samt steinsprang. Mykje av område avsett til fritidsbustad i KPA og KDP ligg i aktsemd for ulike skredtypar. Jord- og flaumskredområdet ved Rosengardshovda har blitt utgreia i samband med prosessen med reguleringsplan og klarert.




Figur 8: Kartutsnitt av Øvre Ål, Torsbu, Primhovda sør og Ål skisenter med aktsemdssoner for steinsprang, snøskred utan skogeffekt, flaum, og jord- og flaumskred. Aktsemdsonene brukt er oppdaterte frå 2025.

2.6 Innsatstid utrykkingskøyretøy

Nærmaste brannstasjon er ved Oppsjøtippen industriområde.

Det finst ikkje tappepunkt i området, men i rapport «Slokkevann i områder uten kommunalt vannledningsnett» frå 2024, utarbeida av SOS Brannconsult AS, er det føreslått etablering av nytt tappepunkt ved renovasjonspunktet til Primhovda Sør.

Omtrentleg avstand og køyretid frå Oppsjø brannsentral					
Primhovda sør / Krokstjørn		Torsbu / Mykingstølen		Ål skisenter	
18 min	12km	21 min	15 km	9 min	7 km



Figur 9: Kartutsnitt med tappepunkt og køyrevæg frå brannsentral til dei ulike delane av området.

3 Infrastruktur

3.1 Vatn og avløp


Tilknytt kommunalt avløp?	Delvis. Primhovda sør er tilknytt kommunalt avløp. Resten er spreidd avløp.
Tilknytt kommunalt vatn?	Nei.
Eiget eller felles avløpsløysing?	Heile området unntatt Primhovda Sør har spreidd avløp.
Eiget eller felles vassverk?	Usikkert. Enkelte område i Primhovda sør har felles vassverk.
Kapasitet reinseanlegg?	Ca. 5000 PE ledig av 10500 PE. I bruk: 6000- 6500 PE.
Tal PE innanfor tettstadbebyggelsen (jf. forureiningsforskrifta kap. 11-3 bokstav k)? <i>Her kan det bli ein ny definisjon av tettbebyggelse, og det leggast derfor ikkje så mykje vekt på dette i analysane.</i>	God kapasitet for Primhovda Sør, som er del av sundre reinseanlegg med kapasitet på 10500 PE, og i bruk 6000-6500 PE. Resten av området ligg i tettbebyggelse under 2000 PE (kap. 12/13 i forureiningsforskrifta).
Moglegheit for å kople fleire hytter innanfor eit større område til eit fellesanlegg?	Nei, svært avgrensa på grunn av grunnforhald og spreidd bebyggelse.
Behov for/moglegheit for oppgraderingar/utviding/utbetringar?	Med dei 298 ubygde tomtene kan PE bli ca. 1600 PE.

3.2 Veg og trafikk

Tilkomsten til området er fylkesveg 2934 Øvre Ålsvegen som går frå Sundrevegen. Vegen gjennom sentrum skaper utfordringar for både vegsystemet og dei mest belasta kryssa, både krysset frå avkøyring frå Rv. 7, men særleg krysset ved skuletoppen er komplekst og krevjande. Her er det mange mjuke trafikantar og skulebarn som kryssar området dagleg. Fv 2934 frå skuletoppen og oppover er stadvis svingete og bratt.

Avkøyringa frå riksveg 7, som fungerer som eit sentralt knutepunkt for trafikk inn og ut av sentrum, er den viktigaste tilkomsten. Det er òg mogleg å køyre av RV7 ved Gullhagen i aust og ved Ferieparken/Myrovegen i vest.

For områda H11-H18, avset til framtidig fritidsbustader i Primhovda nord, går Hevjanåsvegen inn i området forbi Kuluset og mot Einarset, på sumarstid. Det er også i Kommunedelplanen for Primhovda teikna inn ein vegtrasé frå kyrkja i Leveld og opp i desse felta. Ei eventuell realisering av denne vegen vil vere eit stort terrenginngrep.



Figur 10: Alle tilkomstvegar til området med bil.



Figur 11: Krysset ved skuletoppen.

3.3 Straum og renovasjon

3.3.1 Straum

Sjå vedlagt skriv frå Føie AS.

3.3.2 Tilknytt renovasjonspunkt

Ja, her er det returpunkt med etablerte molokker.

3.4 Skiløyper og stigar


3.4.1 Eksisterande stig og løypenett og umerka stigar

Det er eit godt etablert skiløypenett som bind saman dei fleste av hytteområda innanfor området, i tillegg til Øvre Ål og på Bakketeigen. Løypene heng saman med løypenettet i Vats og Hol. Det er skiløyper både i skogsterreng og på snaufjell.

Det er skiløyper både i skogsterreng og på snaufjell, og det er mange av løypene kan gåast som rundar.

Det er mange skilta og merka stigar i området, både i skogsterreng og på snaufjell, mest mellom Primhovda Sør og Hevjanåsen. Men det er og stigar ut frå Mykingstølen.


Mange av dei stigane er gamle bufarveggar til stølane i området. I den austre delen av området er det ikkje merka og skilta sommarstigar. Dette er for å redusere trafikken rundt Kuluset der det er aktiv stølsdrift.



Figur 12: Stig- og løypenett i området. Skilta og merka stigar (raud stipla linje), umerka stigar (svart stipla), og skiløyper (blå stipla).

3.4.2 Kryssingspunkt mellom skiløype og veg

Per i dag er det få kryssingspunkt mellom skiløyper og veg. Det er mogleg å gå mange av løpene utan å måtte krysse veg. Kryssingspunktka er og fordelt slik at det lang avstand mellom dei.



Figur 13: Skiløypar (blå stipla) med kryssingspunkt mellom veg og skiløype (raud sirkel).

3.4.3 Behov for omleggingar / sambindingsløyper?

Kjenner ikkje til slike behov.

4. Vassmiljø, vatn og vassdrag

Området omfattar fleire elve- og bekkeførekomsstar samt ei innsjø i ei middels til høg klimasone, med jamt over god økologisk tilstand.

Hellinggrøvet (vann-id 012-142-R) er klassifisert med god økologisk tilstand, men måledata syner fosfor- og nitrogenkonsentrasjonar tett opp mot grenseverdiane for god tilstand. Dette indikerer avgrensa tåleevne, og auka tilførsel av næringsstoff vil med stor sannsynlegheit kunne forringe vassførekomssten og føre til overgang frå god til moderat økologisk tilstand, både som følge av fosfor og nitrogen.

Vatsfjorden (vann-id 012-16403-L) har god økologisk tilstand, med låge fosfor- og nitrogenkonsentrasjonar innanfor grenseverdiane for god til svært god tilstand. Utbyggingsområda i området vil truleg ikkje belaste Vatsfjorden, mtp. plassering av nedslagsfelt.

For **Votna bekkefelt** (vann-id 012-1614-R), **Vats Vestli bekkefelt** (vann-id 012-1612-R) og **Kvinda bekkefelt** (vann-id 012-2176-R) finst det ikkje prøvedata. Førekomsstane er likevel antatt å ha god økologisk tilstand, basert på plassering i middels til høg klimasone og avgrensa påverknad.

Manglande datagrunnlag inneber likevel ei viss usikkerheit knytt til tåleevna, og desse førekomsstane blir vurderte som sårbare for auka belastning.

Samla sett viser vurderinga at vassførekomsstane i området har avgrensa tåleevne for auka tilførsel av næringsstoff. Dersom det blir etablert avløpsnett i området og nye hytter blir kopla til dette, blir den direkte påverknaden på nærliggande resipientar vurdert som minimal for alle førekomsstane.

Belastninga på resipientar nedstraums reinseanlegg er derimot ikkje vurdert i denne samanhengen, og bør inngå som ein del av ei heilskapleg vurdering av samla belastning i nedbørfeltet.


5. Naturverdiar, klima og miljø

5.1 Naturtypar og naturmangfald

Det ligg føre kartlegging av verdsatte naturtypar i området som viser eit rikt naturmangfald med fleire registrerte naturtypar av høge verdiar.

Snaufjellsområdet dominerast av boreal hei av stor verdi. Elles er det mange parti med gamal furu- og granskog av stor og svært stor verdi lågare i området, samt kalkbjørkeskog og slåttemark. Svært verdifull naturbeitemark ved Stavestølan.

Naturtype	Verdi
Boreal hei	Stor
Kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra	Stor
Kalkbjørkeskog	Svært stor
Naturbeitemark	Svært stor
Gammel grandominert naturskog	Stor
Rik åpen jordvannsmyr i nordboreal og lavalpin sone	Stor
Gammel lågurtspeskog	Svært stor
Gammel furuskog med liggende død ved	Svært stor
Slåttemark	Stor




Figur 14: Verdsatte naturtypar i området Torsbu, Øvre Ål, Primhovda Sør og Ål skisenter. Datasett henta frå «Naturtyper, naturmangfald» i Miljødirektoratet Naturbase.

5.2 Samanhengande grønstrukturar og korridorar for vilt og beitedyr

Det er ein korridor på tvers av Votndalen der elg vandrar mellom Votndalsåsen og Primhovda. Her trekker det mye elg, spesielt vinterstid, derfor viktig å sikre korridor over Votna ved Springgard og ved Lund. Begge desse er reine trekkorridorar for elg.


Liene øst-vest for Votna og Kvinda, opp mot sti- og løypenettet på åsane er svært viktige områder for viltet. Her har vi gode funksjonsområder med lite trafikk og forstyrningar. Desse områdene strekker seg vidare inn i Hol. Planlagd bebyggelse i gjeldande reguleringsplanar ved Primhovda Sør er utfordrande for ein av trekkrutane.



Figur 15: Registrerte elgråkk og viktige viltkorridorar i området Øvre Ål, Torsbu, Primhovda sør og Ål skisenter.

5.3 Inngrepsfrie naturområde


Dei områda som i størst grad kan reknast som inngrepsfrie naturområde ligg mellom Hevjanåsen og Tonatten, samt i høgareliggende parti ved Primhovda. Desse områda er klassifiserte som sone 2, det vil seie område som ligg 1–3 km frå tyngre tekniske inngrep. Om reguleringsplan Rosengardshovda byggast ut vil det innskrenke det inngrepsfrie område innanfor sone 2 ved Primhovda.




Figur 16: Inngrepsfrie naturområde i området Torsbu, Øvre Ål, Primhovda Sør og Ål Skisenter.

5.4 Karbonrike areal

Karbonopptaket minskar opp mot høgfjellet. Område med høgast karbonopptak ligg i dalsiden mot Votndalen i aust (figur 17). Samtidig har mykje av fjellområda rikeleg med karbon, som vil gi betydelege karbonutslepp ved nedbygging, særleg rundt Torsbu og Mykingstølen (figur 18).



Figur 17: Karbonopptak i området Torsbu, Øvre Ål, Primhovda Sør og Ål skisenter.



Figur 18: Utslepp ved nedbygging. Store myrområde rundt m.a. Mykingstølen vil gi svært store utslepp ved nedbygging.

6. Leveområde villrein

Ikkje relevant. Området Øvre Ål, Torsbu, Primhovda og Ål skisenter er ikkje leveområde for villrein.


7. Naturressursar

7.1 Beitebruk og beiteareal

Heile området blir i større eller mindre grad brukt til beite sjølv om bruken har gått ned etter kvart som færre bruk har husdyr. Det er grunn til å tru at det kviler beiterettar på heile området .

Beitekartlegginga i 2023 (NIBIO) syner at det er store flater med godt og svært godt beite innanfor området. Det galdt for både små- og storfe (figur 19).

Hevjanåsen Sambeitelag, gnr. 94/4, ligg innanfor området. Det vart stifta fyrst på 1950-talet, og skulle nyttast som fellesstøl for stølslause bruk i Ål. Innanfor gjerdingane er det blant anna 360 daa innmarksbeite. Stølsdrifta er lagt ned, men areala blir leigde bort til beite. Rundt Kuluset beiter det ein geitebuskap.




Figur 19: Beitekvalitet for sau (venstre) og storfe (høgre). Henta frå datasettserien «Vegetasjon» av NIBIO.

7.2 Dyrka og dyrkbar jord

På heimstølane ned mot Øvre-Ål blir det slege kvart år. Det finst òg dyrka vollar i samband med stølane innover åsen, men med eit par unnatak blir ikkje desse slege lenger. Like fullt står markslaga 'fulldyrka jord' og 'overflatedyrka jord' ved lag.

Dagens kartgrunnlag syner noko dyrkbar jord innanfor området (figur 20). Det er potensiale for nydyrking rundt dei gamle stølslaga som Torsbu, Mjåvasstølen, og særleg i området Låstølen til Kuluset.

Dyrkbar jord har lovmessig vern etter jordlova, og areala kan vere underlagde restriksjonar mot nydyrking i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, til dømes forbod mot nydyrking av myr. Det inneber at ikkje alle registrerte areal er aktuelle for oppdyrking.



Figur 20: Dyrkbar jord (markert i raudt) i områda Øvre ål, Torsbu, Primhovda sør og Ål skisenter. Kartlag henta frå NIBIO.

8. Samla vurdering: Områdets utfordringar, behov, moglegheiter og tåleevne

Det ligg føre tabell som oppsummerer utfordringar, behov og moglegheiter knytt til dei tema som er aktuelle i denne analysen for området Øvre Ål, Torsbu, Primhovda sør og Ål skisenter.

	Utfordringar	Behov og moglegheiter
Satsingsområde		Primhovda ligg tett knytt til Ål skisenter og er eit satsingsområde jf. Kommuneplanens samfunnsdel.
Planstatus	Området har ein svært stor tomtreserve, spesielt i kommunedelplan for Primhovda, men og i gjeldande kommuneplan og i reguleringsplanar. I tillegg ligg det innspel om ytterlegare fortetting som er sendt til konsekvensutgreiing, til saman om lag 121 daa. Samla tomtreserve utfordrar kapasitet og infrastruktur i området.	Primhovda Sør ligg sentrumsnært og har etablert infrastruktur. Område avsett til framtidige hytteområde i Kommunedelplan for Primhovda (H11-H18) har ikkje etablert infrastruktur, det same gjeld område F2—5 ved Mykingstølen. I tråd med kommunestyret sitt vedtak om planrevisjon (planvask) i sak 53/2024 i møtet 20.06.2024, vil avsette område til framtidig fritidsbebyggelse i gjeldande kommuneplan bli vurdert. Mellom anna i forhold til kommunens overordna arealføringar, regionale og statlege føringar og dagens lovverk.
Naturfarar	Delar av avsette byggeområde i kommuneplanen og kommunedelplanen for Primhovda rører ved i aktsemdssoner for flaum og skred.	Nærmare skredfarevurderingar kan bekrefte eller avkrefte risiko for naturfarar.
VA	Dersom både regulerte tomter og framtidig arealreserve i området Primhovda sør blir fullt utbygd, kan belastninga utfordre kapasiteten ved Sundre reinseanlegg.	Kan evt. Utløyse behov for utbetring av Sundre reinseanlegg.
Veg og trafikk	Vegen til Øvre Ål, Torsbu og Primhovda Sør går igjennom krysset ved skuletoppen. Dette er utfordrande da det er mange barn og unge i området sidan det ligg både barne- ungdom- og vidaregåande skule her. Det er også mange barn og unge som brukar dette området på fritida. Fylkesvegen frå skuletoppen og opp er svingete og bratt.	Behov for nærmare vurderingar av skuletoppkrysset og Øvre-Ålsvegen.
Stigar og skiløypar	Det er få kryssingspunkt mellom veg og skiløype og det er viktig å bevare samanhengande løypenett.	Området har eit godt utbygd løypenett med få kryssingspunkt mellom løype og veg.
Vassmiljø	Hovudtyngda av potensiell utbygging er tilknytt kommunalt avløpsnett. Resten (Torsbu, Mykingstølen) utgjør låg risiko for forringing av resipient.	Det er uansett eit behov om prøvetaking i fleire vassførekomster for å vurdere tilstand og toleevne.

Naturmangfald	Mangelfull kartlegging er ei utfordring. Det er registrert mange verdifulle naturtypar der det er kartlagd. Det er store område med boreal hei i Primhovda nord, kring områda H10-H16, og i heile dette området er det også kalkrik grunn noko som indikerer gode beiter. Det blir stadfesta i beitekartlegging for området.	Behov for ytterlegare kartlegging av naturmangfald for å kunne gjere betre vurderingar.
Inngrepsfrie naturområde (INON)	Ei evt. utviding av tyngre teknisk infrastruktur nord for detaljregulering Rosengardshovda vil redusere inngrepsfrie naturområde i sone 2 ved Primhovda.	
Grøne korridorar, vilt og beite	Området har fleire viktige trekkruiter. Planlagd bebyggelse kjem i konflikt med desse og kan svekke samanhengande natur- og leveområde, særleg i Primhovda Sør.	I tråd med kommunestyret sitt vedtak om planrevisjon (planvask) i sak 53/2024 i møtet 20.06.2024, vil avsette område til framtidig fritidsbebyggelse i gjeldande kommuneplan bli vurdert. Mellom anna i forhold til kommunens overordna arealføringar, regionale og statlege føringar og dagens lovverk.
Dyrkbar jord	Mykje av det som er kartlagt som dyrkbar jord ved Torsbu og Mykingstølen kan i utgangspunktet ikkje dyrkast fordi areala er registrerte som myr. Myr kan heller ikkje byggjast ned til andre føremål (Det er pr. i dag eit lovforslag om byggeforbod på myr ute til høyring)	

Områdets toleevne

Tomtereserve i reguleringsplanar og KPA/KDP svært store, i tillegg er det 121 daa. innspel til kommuneplanens arealdel som skal vurderast i konsekvensutgreiing. Samla inneber dette omfattande potensiell utbygging som må vurderast opp mot området toleevne.

Primhovda sør er tilknytt kommunalt avløpsnett og kapasitet på Sundre reinseanlegg er god. Dette gjer at denne delen av området har dei beste føresetnadene for vidare utvikling me tanke på VA, utan å belaste lokale resipientar der det manglar vurderingar på kjemisk tilstand. Primhovda sør ligg tett på Ål skisenter og er eit satsingsområde for kommunen.

Samtidig er mykje av dei regulerte og ubebygde tomtene i Primhovda sør, samt byggeområde H1 i kommunedelplan i konflikt med andre omsyn, som hovudtrekkruite og viktig korridorar for vilt- og beitedyr. I områda H11-18 ligg det stort naturmangfald, med svært gode beiter og aktiv støling. Desse interessene og hytteutbygging kjem her i konflikt med kvarandre.

Utbygging i alle delar av området vil auke trafikk gjennom krysset ved Fv. 2934 på skuletoppen, og belaste eit trafikkfarleg kryss med mjuke trafikantar ytterlegare. Vegene som ligg i KDP frå kyrkja i Leveld til Primhovda nord vil kunne avlaste Øvre-Ålsvegen, men denne traséen går i sårbar natur og administrasjonen vurderer no denne løysinga til å vere i strid med naturmangfaldlova.

Pga endring av definisjon på tettstadbebyggelse, vil ikkje VA-biten av analysen bli like førande for framtidig bebyggelse som først antatt. Vi forholder oss til dagens lovverk, men det kan kome endringar som gjer at VA må vurderast på nytt. Dette vil uansett bli eit tema i KU for innspela som har gått vidare i grovsilinga.

Samla sett kan det ut frå dagens funn sjå ut til at det er dei større områda avsett til framtidig fritidsbustader i KDP og KPA, samt dei 295 regulerte, ubebygde tomtene, som utfordrar områdets tåleevne sett opp mot kapasitet på reinseanlegg, trafikkavvikling og naturomsyn. Desse områda er heller ikkje lenger i tråd med dei overordna arealføringane for kommunen. Samla innspelsareal på 121 daa som no skal vurderast i KU er av eit avgrensa omfang, men på toppen av store arealreservar er det behov for ein planrevisjon. Det har også kome innspel frå grunneigarane (i oktober 2020) at dei ynskjer å ta ut områda H10,11,13, og delar av H 15,16 og 17 til framtidige hytter i Kommunedelplanen for Primhovda.

Kjelder

Kartdata er i hovudsak henta frå GeoNorge og kommunens plandatabasar.

- Felles kartdatabase (FKB) og Matrikkelen – Benytta i alle tema
- AR5 (Arealressurskart) og DMK (Digitalt markslagskart)
- Temakart:
 - «Naturtyper, naturmangfold» frå Miljødirektoratet – Tema: *Naturtypar og naturmangfald*
 - «Inngrepsfri natur i Norge» frå Miljødirektoratet – Tema: *Inngrepsfrie naturområde*
 - «Vegetasjon» frå NIBIO – Tema: *Beitebruk og beiteareal*
 - «Karbonrike areal» frå NIBIO – Tema: *Karbonrike areal*
 - «Aktshetskart» (2025) frå NVE – Tema: *Naturfarar*
 - «Dyrkbar jord» (2025) frå NIBIO – Tema: *Dyrka og dyrkbar jord*
- Føie AS v/ planavdelinga – Tema: *Straum*
- Vann-nett.no – Tema: *Vassmiljø*
- Regionalplan for Nordfjella og Raudafjell (2014-2025) (erstatta KDP for villrein i Nordfjella) – Tema: *Leveområde villrein*
- Rapport: «Slokkevann i områder uten kommunalt vannledningsnett» (18.03.2024) – Tema: *Innsatstid utrykkingskøyretøy*
- Renovasjonspunkt, Hallingdal renovasjon: [Finn ut hvor du leverer avfall - Sortere](#) Tema: *Tilknytt renovasjonspunkt*
- “Sangefjell-området historie” av Einar A. Eriksen – Tema: *Historikk*

Uttalelsene i sak «Straumnett i Ål kommune – grunnlag for kommuneplanens arealdel for fritidsbebyggelse»

Det vises til anmodning om uttalelse i sak 'Straumnett i Ål kommune til bruk i kommuneplanens arealdel for hytter', datert 12.02.2026.

Føie har etter energiloven områdekonsesjon i Ål kommune. Dette innebærer at vi etablerer og drifter strømnettet i kommunen (høyspent og lavspent fordelingsnett).

Per dags dato foreligger det enkelte kapasitetsutfordringer i forespurt området.

Generelt:

- Det etableres som hovedregel ikke ny forsyningskapasitet før eksisterende kapasitet er fullt utnyttet.
- Utbyggere kan pålegges å betale anleggsbidrag i henhold til gjeldende forskrifter og regelverk.
- Flere områder i kommunen står overfor et forventet økt effekt- og energibehov, og tidspunkt for investeringer må vurderes grundig for å sikre samfunnsøkonomisk riktige løsninger.
- Ved innmeldt konkret kapasitetsbehov vil nettselskapet utarbeide interne analyser for å vurderinger basert på modenhet for investeringer. Disse interne analysene inngår ikke i uttalelser eller formelle svar til kommunen.

1. Felles for elektriske anlegg

1.1 Adkomst og terrengendringer

Det må ikke iverksettes tiltak som medfører forringelse av adkomst til våre anlegg. Det må heller ikke gjøres inngripen i terrenget som medfører endring av overdekningen over kabler eller oppfylling av terrenget som medfører redusert høyde opp til luftledningsanlegg.

1.2 Grunneieravtale for bygging, drift og vedlikehold av nettet

Nye elektriske anlegg som etableres innenfor det aktuelle planområdet skal avtales gjennom en tinglysbar grunneieravtale. Avtalen skal sikre Nettselskapet en rettighet til å etablere, føre frem, ha liggende og opprettholde et elektrisk anlegg over eller på Eiendommen, med en tidsavgrenset og varig karakter.

Rettigheten omfatter adgang til å etablere nye elektriske anlegg, samt gjennomføre fremtidige utskiftninger, fornyelser, oppgraderinger, ombygginger, inspeksjoner, vedlikeholds- og reparasjonsarbeider, herunder nødvendige grave- og sprengningsarbeider som står i direkte tilknytning til anlegget.

Nettselskapet gis i tillegg rett til nødvendig og hensiktsmessig adkomst over Eiendommen for

utførelse av ovennevnte tiltak.

1.3 Støy fra transformatorstasjon

Vi gjør også oppmerksom på at det finnes eksisterende transformatorstasjoner og nettstasjoner i planområdet. Eventuelle ulemper og avbøtende tiltak for planlagt bebyggelse i denne forbindelse er ikke vårt ansvar. Utbygger må ta hensyn til støy fra transformatorstasjoner og nettstasjoner ved utforming av ny bebyggelse.

1.4 Inntegning på plankart og tildelte kartskisser

I tilfeller hvor det deles ut kartskisser med inntegnede elektriske anlegg, gjelder følgende forutsetninger:

Nettselskapet har eksisterende elektriske anlegg innenfor det aktuelle planområdet, slik det fremgår av vedlagte kart. Kartmaterialet stilles til disposisjon utelukkende for det formål å besvare forespurt planarbeid, og kan kun benyttes innenfor følgende rammer:

- Brukes kun som underlag for forespurt planarbeid
- Bør slettes etter bruk - husk at nettet endrer seg kontinuerlig
- Må ikke oversendes andre uten netteiers samtykke
- Må ikke anses som kabelpåvisning. Forespørsel om kabelpåvisning rettes til Føie AS

Vi gjør oppmerksom på at spenningsnivået for ledningsanleggene *ikke* må påføres i planen, herunder plankartet. Kraftledninger skal på kart ha en enhetlig utforming, uavhengig av spenningsnivå og eventuelle fysiske forskjeller. Parallelle ledninger som går i samme trasé, skal tegnes som én ledning. Høyspenningskabler under bakken tegnes ikke inn på kartet. Vi viser i denne sammenheng til Forskrift om beredskap i kraftforsyningen § 6-2, og NVEs *Veiledning til forskrift om beredskap i kraftforsyningen*, pkt 6.2.5.

Arealer og eiendommer som brukes til, eller i fremtiden skal brukes til transformatorstasjoner evt nettstasjoner avsettes i planen til arealformål bebyggelse og anlegg, underformål «Andre typer bebyggelse og anlegg», energianlegg kode 1500, jf vedlegg I til kart- og planforskriften.

1.5 Andre forhold

I god tid før utbygging må det avklares hvordan nye bygninger i planområdet skal forsynes med elektrisk strøm. Det må avklares i hvilken grad eksisterende ledninger/kabler eventuelt kan benyttes, om nye ledninger/kabler må legges og om det er behov for ny(e) nettstasjon(er).

Den eller de som utløser tiltak i strømforsyningsnettet, både flytting, nyanlegg og forsterkning, må som hovedregel dekke kostnadene med tiltaket, inkludert eventuelle kostnader til erverv av nye rettigheter. Nye traséer må gis rettigheter med minst like gode vilkår som det vi har til de eksisterende traséene. Normalt er dette stedsevarige (evigvarende) bruksrettigheter.

Dersom planen forutsetter at eksisterende høyspenningsanlegg må flyttes eller legges om, må det settes av plass til ny trasé og/eller nettstasjon(er).

Dersom det er aktuelt med alternativ energiforsyning til området, f.eks. fjernbåren varme, ønsker vi at dette avklares så tidlig som mulig da dette påvirker behovet for elektrisk strøm.

Ved bygging i nærheten av luftledninger, gjøres det oppmerksom på at det ikke nødvendigvis er samsvar mellom hvilken avstand som er nødvendig for å komme under anbefalt utredningsgrense for magnetfelt og gjeldende byggeforbudsbelte.

2. Anlegg etablert etter anleggskonsesjon (normalt regionalnett) *ikke aktuelt i denne saken*

2.1 Eksisterende høyspenningsanlegg

Vi vil gjøre oppmerksom på at planområdet krysses av høyspenningsanlegg som er bygget etter anleggskonsesjon gitt av Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE). Kraftledninger og kabelanlegg bygget etter anleggskonsesjon er i hovedsak unntatt fra Plan- og bygningsloven, og for disse kan det derfor ikke vedtas planbestemmelser eller vilkår som del av reguleringsplan for andre tema.

Utgangspunktet er derfor at kraftledninger ikke skal inntegnes som et arealformål i en reguleringsplan, men bør innarbeides som *hensynssone (faresone)*. Byggeforbudsbeltet langs den aktuelle kraftledningen er totalt ____ meter, ____ meter målt horisontalt til hver side fra senter av ledningen.

For kabelanlegg kan det normalt iverksettes tiltak (inkludert planting av trær) så nært inntil kabelgrøften som ____ meter målt horisontalt fra kabelgrøftens ytterkant. Det er imidlertid viktig at fremtidig tilkomst til kabelgrøftene ikke hindres. Det må bestilles kabelpåvisning for å få en nøyaktig kartfesting av kabelens plassering i terrenget.

2.2 For anlegg etablert etter anleggskonsesjon gjelder følgende

Planlagt ny bebyggelse eller andre tiltak som kommer i konflikt med elektriske anlegg må tas hensyn til i det videre planarbeidet. Vi må oppstille en del vilkår for at eventuelle omlegginger av nevnte <elektriske anlegg> skal kunne gjennomføres (se også pkt 1.4):

- Eventuelle nye kabler eller luftledninger som skal erstatte eksisterende anlegg, må minimum ha overføringskapasitet som tilsvarer den kapasiteten anlegget har i dag.
- Eventuelle ønsker om omlegging av eksisterende anlegg må meldes inn til oss i god tid før omleggingen ønskes utført. Omlegging kan være en tidkrevende prosess, og bør tas hensyn til ved utarbeidelse av eventuelle bestemmelser om særskilt rekkefølge for gjennomføring av de enkelte tiltakene i planen.
- Dersom tiltak skal gjøres på den aktuelle luftledning eller kabelanlegg, må det påregnes at det kan bli nødvendig å stille krav om tider på året som utkobling må være avgrenset til og hvor lenge anlegget kan være utkoblet. Dette begrunnes med behovet for kontinuerlig forsyning av strøm til kundene, jfr. også leveringsplikten i energiloven § 3-3.

- Omlegging av anlegg med spenning høyere enn 24 kV fordrer at vi søker NVE om endringer i de respektive anleggskonsesjonene for anleggene. Endring i anleggskonsesjon forutsetter blant annet at det finnes ekstern evne og vilje til full kostnadsdekning, slik at nettkundene ikke belastes omleggingen. Dette betyr at vi vil kreve full kostnadsdekning for omlegging. Utfallet av en konsesjonsbehandling kan ikke forskutteres.

2.3 Dersom nytt høyspenningsanlegg er planlagt i området

Ny <angi> kV høyspent <luftledning/ kabel/transformatorstasjon> er under planlegging og vil komme til å krysse området som vist på vedlagt kart. Det er søkt Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) om anleggskonsesjon (jfr. energiloven § 3-1) for etablering av anlegget. Vi ber om at den planlagte <traséen/arealet> innarbeides i planen. Det er også søkt om ekspropriasjon for etablering av anlegget, hvilket gjør at arealet i realiteten er båndlagt for formålet, jfr. oregningslova § 28.

3. Anlegg etablert etter områdekonsesjon (normalt distribusjonsnett)

Anlegg under 24 kV inngår i distribusjonsnettet for elektrisk energi og er bygget i medhold av områdekonsesjon. Omlegging av disse anleggene fordrer ikke søknad om endring av konsesjon, men en del hensyn må likevel ivaretas.

3.1 Eksisterende høyspennings luftledning

Det må tas hensyn til høyspenningsluftledninger som ligger innenfor planområdet. Ledningene har et byggeforbudsbelte på totalt 15 meter, 7,5 meter målt horisontalt ut til hver side fra senter. Vi ber om at traseen med byggeforbudsbeltet registreres i planen som arealformål trasé for nærmere angitt teknisk infrastruktur, jfr. Plan- og bygningsloven § 12-5 nr 2 eller som en hensynssone (faresone).

3.2 Eksisterende høyspenningskabler

Høyspenningskablene som ligger innenfor planområdet, må tas hensyn til. Normalt kan det iverksettes tiltak (inkludert planting av trær) så nært inntil kabelgrøften som 2 meter målt horisontalt fra kabelgrøftens ytterkant. Det er imidlertid viktig at fremtidig tilkomst til kabelgrøftene ikke hindres. Det må bestilles kabelpåvisning for å få en nøyaktig kartfesting av kabelens plassering i terrenget.

3.3 Behov for ny nettstasjon – samt forhold til eksisterende frittliggende nettstasjon

For å sikre strøm til ny bebyggelse, må det settes av plass til å etablere en eller flere nye nettstasjoner i området. Nettstasjonen(e) bør av hensyn til effektuttaket plasseres omtrent som skissert på vedlagte kart. Kontakt vedrørende dette temaet rettes til Føie AS.

En nettstasjon ønskes plassert minimum tre meter fra veikant og utenfor veiens frisisiktsoner. Størrelsen på nettstasjonen kan være opptil 15 m².

Nettstasjoner kan også etableres i egne rom i bygg. Det stilles i slike tilfeller særskilte krav til utforming av rommet, samt til adkomst og ventilasjon m.v.

Det må tas hensyn til eksisterende nettstasjoner innenfor planområdet. For både nye og eksisterende nettstasjoner gjelder at disse må stå minst 5 meter fra bygning med brennbare overflater. Avstanden gjelder også til terrasser og lignende brennbare utstikk som er direkte knyttet til bygget.

Vi ser at det ofte dessverre ikke blir tatt hensyn til disse avstandskravene når nye bygninger planlegges og oppføres. Dette skaper problemer både for grunneiere og for nettselskapet. Det er derfor viktig å synliggjøre byggegrenser mot nettstasjoner i reguleringsbestemmelsene.

Følgende må spesifikt ivaretas i plan med bestemmelser:

- Der nettselskapet har angitt behov for plassering av ny nettstasjon, må det reguleres et areal til slikt formål
- Nettstasjoner tillates oppført i forbindelse med strøm til stedbunden næring i LNFR-område samt i areal regulert til utbyggingsformål
- Nettstasjoner tillates oppført også utenfor regulerte byggegrenser og kommer i tillegg til tillatt utnyttelsesgrad.
- Nettstasjoner tillates oppført inntil 1 m fra eiendomsgrense og at det generelt er 5 m byggegrense rundt nettstasjoner.

3.4 (Aktuelt når konkret plan foreligger) Hvis behov for særskilt trasé for strømfremføring (f eks når veigrunn ikke kan benyttes):

For strømforsyning av ny bebyggelse vil det være nødvendig å etablere ny høyspenningsforsyning inn i området. Med hensyn til hva som vil være beste tilkoblingspunkt i eksisterende nett, ser vi at det vil være nødvendig å anlegge en trasé fra <angi> og inn mot anmerket område hvor det er aktuelt å plassere en ny nettstasjon. Se vedlagt kartskisse. Vi ber derfor om at det i planen etableres trase for anlegg som beskrevet. Dersom det ikke er aktuelt å anlegge vei i samme korridor, kan kabelgrøft gjerne kombineres med gangsti eller friområde. Det viktige er at det ikke planlegges bebyggelse over kabelgrøften. Normalt byggeforbud langs kabelgrøfter er <avstand> meter målt horisontalt fra <kabelgrøftens ytterkant/midt kabelgrøft>.

4. Andre forhold

Vi ønsker å bli kontaktet i god tid før utbygging, slik at vi kan planlegge nye anlegg og angi hvor vi ønsker at utbyggere skal grave kabelgrøfter inn til bygninger. Før selve arbeidet i utbyggingsområdet starter opp, ønsker vi også å avklare fremdriftsplan med utbygger.

Det er også viktig at nye utbyggingsområder/teknisk infrastruktur planlegges slik at spesielt våre høyspenningsledninger ikke må flyttes. Når kabler flyttes, må disse kappes og skjøtes. Basert på en samfunnsøkonomisk vurdering bør slike skjøter reduseres til et minimum, da disse erfaringsmessig kan medføre større risiko for feilsituasjoner i nettet og en mer ustabil strømleveranse.

Vennligst ta kontakt dersom det skulle være spørsmål eller uklarheter når det gjelder tilpasning av våre anlegg i den nye reguleringsplanen Føie AS